

Heimlause barn i USA

I USA er nesten 2,5 millionar barn heimlause. Det vil seie at omtrent 1 av 30 barn ikkje har ein stad å bu. Det er fleire årsaker til at barna er heimlause. Til dømes er familien så fattig at dei ikkje har pengar til hus. Somme tider er nokre i familien slemme slik at barna rømmer frå dei. Barna som er heimlause, lever i tilfluktsrom, i bilar, på campingplassar, i kjellarar eller under bruer. Mange kyrkjer gir mat til fattige. Nokre menneske med mykje pengar hjelper også fattige og heimlause.